



Verdens beste kommune for naturglade mennesker!

Årsrapport 2016



www.rauma.kommune.no

Innholdsoversikt

1. RÅDMANNENS KOMMENTAR	3
ÅRSMELDINGA 2016	3
UTFORDRINGSBILDE	3
SATS PÅ REISELIVET	4
2. VISJON, MÅL OG STRATEGIAR	5
”VI SKAL BLI VERDAS BESTE KOMMUNE FOR NATURGLADE MENNESKE”	5
STRATEGIAR	5
3. POLITISK VERKSEMD	6
POLITISK ORGANISASJON	6
MØTEVERKSEMD	6
SAKER	7
4. SAMFUNN	8
SAMFUNNSPLANENS HANDLINGSPROGRAM	8
BEFOLKNINGSVEKST 2016	8
BEDRIFTSVEKST 2016	8
REGIONFORSTØRRING 2016	8
BOLIGVEKST 2016	8
KOMMUNE-NM	9
VIKTIGE HENDINGAR I 2016	9
5. TENESTER	10
MÅL	10

KOMMUNEBAROMETERET	10
ORGANISERING I TENESTEOMRÅDER	11
VIKTIGE HENDINGAR I 2016	11
6. ORGANISASJON	12
LEIING	12
RESULTAT FRÅ 10 – FAKTOR UNDERSØKELSEN 2016	13
REKRUTTERING:	13
LIKESTILLING	13
BEDRIFTSELSETENESTE	14
HELSE- MILJØ OG SIKKERHEIT (HMS)	14
ETISKE RETNINGSLINER	15
KOMPETANSEUTVIKLING	15
FRÅVER	16
7. ØKONOMI	17
REKNESKAP DRIFT 2016	17
SKATTAR OG RAMMEINNTEKTER	18
DRIFTSEININGANE-TENESTEOMRÅDA	19
INVESTERINGAR 2016	21
GJELD OG KOMMENTARAR TIL DEN FINANSIELLE SITUASJONEN	22
ØKONOMISK RISIKO	23
8. VEDLEGG: ØKONOMISKE OVERSIKTER OG NOTER	24
9. MELDING OM EIGARFORHOLD	45

1. Rådmannens kommentar

Årsmeldinga 2016

Årsmeldinga for 2016 kan oppsummerast i tre punkt:

- Rauma kommune er eit middels livskraftig lokalsamfunn målt i indeksen frå Kommune-NM. 2016 syner faktisk ein liten framgang frå 209 plass til 195 plass
- Rauma er ein middels god kommune når gjeld tenesteproduksjon til sine innbyggjarar målt gjennom Kommunebarometeret. Frå ein 276. plass for 2015 er Rauma på 180. plass basert på data frå 2016, ein forbedring med 96 plassar (målt i samanliknbare tal).
- Sjølv om regnskapet for 2016 syner eit godt driftsresultat som gjer at Rauma no kan seie farvel til ROBEK for denne gongen, er Raumakonomien fortsatt av dei svakaste blant norske kommunar fordi vi så langt ikkje har klart å bygge opp finansielle reservar, men brukar alle pengane etter kvart. På Økonomibarometeret har Rauma klatra nesten 40 plassar frå ein 404 plass i 2015 til 365 plass i 2016.

Utfordringsbilde

Ei årsmelding dokumenterer historia og stoda, men kan berre brukast til å sjå og handle framover. Noko av det vi ser er:

- Rauma har valt å fortsette åleine som kommune – det gir både mulegheiter og utfordringar.
 - ⇒ Ein konsekvens er at behovet for samarbeid ut av kommunen aukar samtidig som auka vekt må leggest på å utnytte handlingsrommet i eigen kommune betre
- Både fylket, regionen og Rauma har fått ein kraftig korreksjon i sysselsetting og tal arbeidsplassar dei to siste åra.
 - ⇒ Konsekvensen bør bli at arbeidet med næringsutvikling, nyetablering og innovasjon i næringslivet i eigen kommune må forsterkast samtidig som integrasjonen i den regionale arbeidsmarknaden held fram
- Kommuneøkonomien er fortsatt anstrengt. Endringar i blant anna inntektssystemet og kraftinntektsregimet gjer kommunens økonomiske bæreevne utsatt framover. Samtidig viser krafttaket med å få ned kostnadene i 2016 at det er stort potensiale både for strukturendringar, omstilling, effektivisering, digitalisering og leiging som faktisk gjer tenestene minst like gode med mindre bruk av pengar
 - ⇒ Konsekvensen bør vere at omstillingsarbeidet i den kommunale tenesteorganisasjonen held fram med same styrke – sjølv om ein er ute av ROBEK

Sats på reiselivet

Eit siste råd frå denne rådmannen til Raumasamfunnet er; sats på reiselivet. Her kjem 10 grunnar for dette:

1. Reiselivsnæringa er verdas tredje største næring, men ei av dei minste i vår kommune
2. Reiselivet er i sterk vekst, veksten i Norge er større enn elles i verda, og veksten i Fjord-Norge er aller størst. For Rauma er det antyda ein muleg årleg vekst på 10-15 % dei neste åra
3. Det einaste naturlege konkurransefortrinn Rauma har frå naturen si side, er reiseliv. Romsdalen har potensiale til å bli ein verdsattraksjon sett i lys av jakten på dei gode, ekte og aktivitetsbaserte naturopplevingane
4. Rauma har alt ein posisjon som reisemål med bla.Trollveggen, Trollstigen, Romsdalseggen og Raumabanen som nasjonale og internasjonale turistikonar. Og vi har tradisjon, bedrifter og enkeltpersonar som alt er i gang for å posisjonere seg inn mot denne utviklinga
5. Romsdalen har potensiale til å bli ein hub inn til Møre og Romsdal på grunn av nærleik til Gardermoen med tog til/frå Åndalsnes
6. Reiselivet er heilt avhengig av eit godt samspel med kommune og andre for å etablere og drifte ulike fellesgode som reiselivet er avhengig av, men som ei reiselivsbedrift åleine ikkje kan ta ansvar for. Medan kommunen i høve til industri og handel berre kan vere tilretteleggar, kan kommunen i høve til reiselivsutviklinga gjere ein vesentleg skildnad.
7. Reiselivet gir god sysselsetting i høve til omsetnad fordi teknologigraden er liten. Det betyr at det er lettare å skape sysselsettingsvekst i reiselivet enn i andre næringar. Samtidig syner analyser at reiselivet gir høvevis fleire arbeidsplassar til kvinner, ungdom og innvandrarar – og det treng vi
8. Rauma er relativt isolert og utgjør fortsatt sin eige , men vesle bo- og arbeids- og servicemarkad på grunn av lange avstander til nærmaste by. Reiselivet kan tilføre Rauma mange «deltidsinnbyggjarar» og auke kjøpekraft som gjer at den totale «Raumaøkonomien» blir større og bidreg til å halde oppe viktige tilbod som det elles ikkje ville vore bærekraftige i kommunen
9. Mange ulike investorar er no interessert i reiselivet – plutselig. Gode konsept let seg finansiere. Eit slikt godt konsept med kompetente menneske bak som er realiserbart, er Base Camp Isfjorden – et reiselivsprodukt som blir unikt dersom det let seg realisere
10. Ved å satse på reiselivet kan Rauma endeleg får kapitalisert på sin visjon «Verdens beste kommune for naturglade menneske»

Åndalsnes 31.03.2017

Oddbjørn Vassli
Rådmann

2. Visjon, mål og strategiar

”Vi skal bli verdas beste kommune for naturglade menneske”

Visjonen er heile Raumasamfunnet sin visjon. Den har god forankring lokalt og er godt profilert. Den er inkluderande for alle som bur eller gjestar Rauma. Visjonen forpliktar oss i forhold til å ta vare på naturen og vere eit bærekraftig samfunn. I samfunnsplanen 2014-2025 vart følgjande verdiar vedteke: **Samarbeidsvillig , Ekte og Raus**. Verdiane seiar at vi SER kvarandre og er Samarbeidsvillige, Ekte og Rause. Tolerant er og eit ord som beskriver verdien Raus.


Hovudmål	Forklaring
400 innbyggjarar	<ul style="list-style-type: none">• Hovudindikator for eit samfunn sin livskraft er utvikling av folketalet• Rauma har fødselsunderskot, netto, men positiv innanlands flytting og utanlands innvandring• Ei utfordring er å auke talet på kvinner
300 arbeidsplassar	<ul style="list-style-type: none">• Målet er netto vekst i talet på arbeidsplassar. Dette legg eit grunnlag for vekst i folketalet. På sikt er antall arbeidsplassar dimensjonerande for kor mange som vil bo i kommunen• Halvparten av veksten bør komme frå vekst i eige næringsliv – resten frå auka utpendling• To strategidokument ligg til grunn for vekst i arbeidsplassar: Strategisk næringsplan og Strategi for utvikling av reiseliv og handel• Viktigaste strategi for økt pendling er ferjefri Langfjordkryssing
200 bustadar	<ul style="list-style-type: none">• Godt og allsidig tilbod av bustader og bustadtomter er viktig for vekst i folketalet• Kommunen skal ha byggeklare tomter i Måndalen, Åndalsnes, Isfjorden og Åfarnes til ein kvar tid• Kommunen vil samarbeide med private om bustadtomter i andre bygdelag• Ei særlig kommunal oppgåve er å bidra til nok omsorgsbustader, utleigebustader, førsteheimsbustader og bustader for vanskelegstilte

Strategiar

- **Samferdsel og regionforstørring:** Ein hovudstrategi for å bli del av ein større og ekspansivt bu- og arbeidsmarknad
- **Tilflytting og innvandring:** Både for tilbakeflyttarar, norske tilflyttarar og utanlandske innvandrarar må Rauma være attraktivt, med gode jobb- og butilbod – vennlig og imøtekommande
- **Næringsvekst:** Rauma har eit sterkt næringsliv, men med svak vekst. Omstilling, knoppskyting og nyetableringar blir viktig framover
- **Reiseliv:** Rauma kommune vil arbeide for at Rauma, Åndalsnes og Romsdal skal vidareutviklast som ein sterk reiselivsdestinasjon – fundert på naturbaserte opplevingar og gode servicetilbod
- **Sentrumsutvikling:** Åndalsnes skal utviklast som ein attraktiv småby – både for kommunen sine innbyggjarar og dei som gjestar kommunen
- **Bygdeutvikling:** Tilrettelegging for vekst og utvikling i bygdene er viktig for å nå kommunen sine overordna mål og ta vare på dei ressursar som er i heile Rauma

3. Politisk Verksemd

Politisk organisasjon



Kommunestyret i Rauma har 27 representantar fordelt på desse gruppene:

- Høgre – 8
- Senterpartiet – 7
- Arbeidarpartiet – 4
- Framstegspartiet – 2
- Kristeleg Folkeparti – 2
- Sosialistisk Venstreparti – 2
- Venstre – 1
- Uavhengig – 1

Ordførar er Lars Olav Hustad (H) og varaordførar er Arne Hop (KrF).

Møteverksemd

- I 2016 hadde kommunestyret i alt åtte ordinære møte i tillegg til eit arbeidsmøte om delegasjonsreglementet og eit møte i forbindelse med rådgivande folkeavstemming om kommunereforma. Kommunestyret handterte i alt 142 saker. Kommunestyret er Generalforsamling i Rauma Energi. I 2016 ble det gjennomført to generalforsamlingar.
- Formannskapet hadde 15 møte i 2016 og behandla totalt 170 saker.
- Arbeidsmiljøutvalet hadde 7 møte i 2016 og behandla 44 saker.

- Utval for plan og forvaltning hadde 8 møte med 88 behandla saker.
- Kontrollutvalet hadde 6 møte i 2016 og behandla 41 saker.
- Klagenemnda hadde eit møte i 2016 og behandla i alt ei klagesak. Nemnda ble avvika 16.08.16.

Saker

Eit utval av viktige sakene som vart behandla av dei politiske organa i kommunen i 2016, er:

- Vidareføring av arbeid for stønad for ungdom - jobbsentralen
- Endelig vedtak om realisering av helsehus og kjøkkenløsning
- Forenkla politisk utvalsstruktur
- Gjennomføring av folkeavstemming i samband med kommunereforma
- Vedtak om framtidig kommunestruktur i samband med kommunereforma
- Rammeavtale med Elementpartner om realisering av ny elementfabrikk på Øran
- Oppdatering av delegasjonsreglement for 2016-2020
- Etablering av brukarråd
- Kommunal overtaking av fem private vassverk: Straumen, Åfarnes, Mittet, Verma og Torvik
- Godkjenning av tillegg til samarbeidsavtale med Nordveggen AS
- Undervegsevaluering heimebaserte helse- og omsorgstenester
- Hovudnett for sykkel – vedtak av prioriteringar
- Rusmiddelpolitisk Handlingsplan 2016-2020
- Tenesteanalyse og forvaltningsrevisjonsrapport for Barneverntenesta
- Godkjenning av intensjonsavtale med Læringsverkstedet om ny barnehage i Isfjorden
- Overtaking av Isfjorden samfunnshus og Isfjordshallen
- Stokkekaia – godkjenning av kjøp og ny festeavtale
- Evaluering av parkeringsordninga i Åndalsnes sentrum
- Tilstandsrapport for grunnskulen i 2015
- Detaljreguleringsplan for Dokka, Øran Vest – eigengodkjenning
- Planstrategi 2017-2020
- Prioritering av Kraftfondmidlar
- Detaljregulering Nesstranda Næringsområde – eigengodkjenning
- Rammer for vidare arbeid med og ferdigstilling av kommunedelplan Isfjorden
- Detaljregulering for Læringsverkstedet barnehage – sluttbehandling
- Plan for idrettsanlegg og anlegg for fysisk aktivitet
- Budsjett og økonomiplan 2017 til 2020

4. Samfunn

Samfunnsplanens handlingsprogram

Overordna mål for Raumasamfunnet vedtatt i Samfunnsplanen er omtale innleiingsvis i årsrapporten og er knytta til befolkningsvekst, næringsvekst, regionforstørring, boligvekst og prioritering av økonomiske ressursar til arbeidet med samfunnsutviklinga.

Befolkningsvekst 2016

	2015	2016	Endring	Mål 2025
Folketall	7492	7503	+11	7818

Folketalet i Rauma passerte i 2016 den magiske 7500-grensa som har vært en ambisjon heilt sidan det meir systematiske utviklingsarbeidet starta for vel 10 år sidan. Går ein inn i tala ser ein eit innvandringsoverskot på 15 personar, eit innanlands tilflyttingsoverskot på 5 personar, men eit fødselsunderskot på 10 personar.

Bedriftsvekst 2016

	2015	2016	Endring	Mål 2025
Lokale arbeidsplassar	3357	3327	-30	3710

Indikatoren for bedriftsvekst har vore utviklinga i tal lokale arbeidsplassar i Rauma målt gjennom sysselsettingsstatistikken. Tal arbeidsplassar gikk dramatisk ned med 211 frå 2014 til 2015 i hovudsak forklart med «oljekorreksjonen» i økonomien. Nedgangen i tal arbeidsplasser i Rauma fortset i 2016 med ein ytterlegare reduksjon på 30. I same periode har tal sysselsette i befolkninga gått ned med 20 personar – frå 3693 til 3673.

Regionforstørring 2016

	2015	2016	Endring
Tal utpendlarar til resten av fylket	471	481	+10

Tal utpendlarar frå Rauma til nabokommunane har auka frå 2015 til 2016 med 10 personar.

Utpendlinga til Ålesund er nesten dobla i 2016 frå 36 til 70 personar, medan utpendlinga til Molde er redusert frå 291 til 245 personar. Når ein tek med at også utpendlinga til Vestnes er auka frå 79 til 86 personar, så syner dette truleg ein effekt av Tresfjordbrua der tilknytninga til arbeidsmarknaden på Sunnmøre har blitt sterkare.

Boligvekst 2016

	2015	2016	Endring	Mål 2025
Fullførte boligar	27	10	-17	20

Tal fullførte boligar i 2016 var på berre 10, medan tal påbegynte boligar var på 30 i 2016.

Boligbygginga svingar mykje frå år til år. Tal fullførte boligar dei tre første åra i handlingsprogrammet

2014 - 2016 er på heile 95 boligar dvs. at ein er nesten halvvegs til målet om 200 nye boligar fram til 2025.

Kommune-NM

For å samanlikne samfunnsutviklinga i Rauma med utviklinga elles i landet, brukar Rauma kommune statistikkgrunnlaget som kvart år blir lagt fram av NHO kalla Kommune-NM.

Område	2015	2016	Endring
Næringsliv	134	92	+42
Arbeidsmarknad	221	289	-68
Demografi	312	288	+24
Kompetanse	107	96	+11
Kommunal økonomi	165	158	+7
Samla rangering	209	195	+14

For alle indikatorar har Rauma hatt framgang i NHOs rangering av dei mest robuste og bærekraftige kommunar – med unntak av utviklinga i arbeidsmarknaden. Størst har framgangen vore innafor næringslivet, demografi og kompetanse. Rauma er nå rangert som nr. 195 av 428 kommunar dvs. blant den beste halvparten av norske kommunar.

Viktige hendingar i 2016

- Vedtak om at Rauma skal fortsette som eigen kommune (kommunereforma)
- Opninga av Norsk Tindesenter i mai 2016
- Oppføring av ny industrihall for Partnerplast AS
- Oppstart av bygging ny betongvarefabrikk i Dokka i regi av Elementpartner AS
- Infrastruktur Stokkekaia med byggestart Rauma helsehus
- Reforhandling av arbeidsdelinga mellom kommunen og Nordveggen AS i gjennomføring av samfunnsplanens handlingsprogram

5. Tenester

Mål

Vedtatte mål for kommunen sin tenesteproduksjon er:

Overordna mål	Rauma kommune skal yte tenester til sine brukarar i samsvar med brukarane sine behov og rettar	
Mål	Brukarane skal ha tilpassa tenester	System sikrar og måler god kvalitet

På begge områder – både brukartilpassing og kvalitet arbeider ein for å få på plass operative mål med tilhøyrande rapportering. Brukartilpassa tenester krev på sikt jamleg bruk av kvantitative brukarundersøkingar. Tenestekvalitet krev eit internkontrollsystem som måler avvik i høve til fastsette normer og prosessar. Ingen av desse tilhøve er tilstrekkelig på plass til at ein kan rapportere måloppnåing på eit overordna tenestnivå. Ein syner likevel til rapport frå internkontrollsystemet i organisasjonskapitlet.

Frå 2017 har kommunestyret vedtatt å opprette brukarråd for kvart tenesteområde. Ein forventar at desse råda vil kunne bidra til både betre brukartilpassing og sikring av tenestekvalitet. Internkontrollsystem er på plass, men blir fortsatt for lite brukt til å rapportere avvik på tenestekvalitet. Innanfor nokre område er også systema fråverande eller for utydelege.

Det blir ei utfordring for dei nye tenesteområda gjennom deira underliggende strategidokument å få på plass tydelige mål og indikatorar som kan drøftast og vedtakast i økonomiplan 2018-2021.

Kommunebarometeret

I økonomiplandokumentet for 2017-2020 introduserer ein for første gang bruk av Kommunebarometeret til bruk i Rauma kommune sitt styringsdokument. På same måte som Kommune-NM for samfunnsutviklinga, viser Kommunebarometeret Rauma sin relative plassering blant landets 428 kommunar når det gjelder «kvalitet og omfang» av tenesteproduksjonen. Utviklinga frå 2015 til 2016 går fram av tabellen nedanfor:

	2015*	2016	Endring
Grunnskole	98	117	-19
Pleie og omsorg	97	242	-145
Barnevern	218	159	+59
Barnehage	407	399	+8
Helse	179	208	-29
Sosial	300	75	+225
Kultur	188	266	-78
Økonomi	403	379	+24
Kostnadsnivå	139	65	+74
Miljø og ressursar	228	100	+128
Saksbehandling	377	41	+336
Vann, avløp og renovasjon	337	207	+130
Totalt	276	180	96

*2015 tala er justert med dei nye nøkkeltala som er brukt i 2017-barometeret slik at dei kan samanliknas med 2016 tala.

Heile 51% av nøkkeltala vart bedra frå i fjor. Samla klatra vi nær 100 plassar opp på barometeret. Fremgangen er størst innan saksbehandling, forvaltning, sosialteneste, einingskostnader og sjølvkostområda, der vi er blant dei 100 beste kommunane. Vi er blant dei 20% mest kostnadseffektive kommunane i landet, til tross for at vi har ein utfordrande geografi. Samstundes er økonomien eit av dei svakaste nøkkeltala i barometeret grunna eit nær tomt disposisjonsfond, og høg renteeksponering. Rauma kommune har sine svakaste plasseringar innan økonomi (379. plass) , kultur (266. plass) og barnehage (399. plass). Bemanning er litt under snittet, men utdanningsnivå til dei ansatte og låg andel innvandrarbarn i barnehage er det som trekk mest ned.

Organisering i tenesteområder

Kommunens tenesteproduksjon vart frå 1. august 2016 omorganisert frå nær eit tjuetal tenesteeiningar til 6 tenesteområde. Dei nye tenesteområda er:




Formålet med tenesteorganisering er å få til tettare samarbeid, betre kompetansedeling og meir effektiv drift mellom tenester som er nærståande og rettar seg mot om lag same målgruppe av brukarar.

Viktige hendingar i 2016

- Isfjorden skole tar i bruk nytt skolebygg frå 1.1.2016
- Kommunestyret inngår avtale med Læringsverkstedet om bygging av ny barnehage i Isfjorden på Stormtomta
- Kommunestyret gjer vedtak om nedlegging av Vågstranda skole frå hausten 2017
- Kommunestyret gjer vedtak om at «Jobbsentralen» for ungdommar utanfor skole og arbeidsliv skal bli ei permanent ordning
- Kommunen startar busetting av flyktingar igjen – etter eit langt opphald
- Kommunestyret behandlar forvaltningsrevisjonsrapport og tenesteanalyse for barnevernet
- Kommunestyret behandlar undervegs evaluering av omstilling i helse og omsorgstenestene
- Kommunestyret behandlar Tilstandsrapporten for grunnskolen
- Ny tenesteområdestruktur blir iverksatt frå 1.8.2016 med nye tenesteområdeleiarar
- Bygging av nytt helsehus på Stokkekaia startar opp hausten 2016

6. Organisasjon

Leiing



Frå 1. september 2016 blei det gjennomført ei omorganisering til seks tenesteområder og tre stabsfunksjonar. Rådmann Oddbjørn Vassli fungerte som omsorgssjef fram til 31.12.16 då Greta Hanset begynte som ny tenesteområdeleiar i kommunen.

Mål og resultat

Overordna mål	Rauma kommune skal vere ein profesjonell og framtidsretta organisasjon å arbeide i	
Mål	Vi skal utvikle og mobilisere ansatte sin kompetanse	Vi skal utvikle og løfte fram våre leiarar
Korleis lykkast	Godt arbeidsmiljø med tydeleg oppgåvefokus	Leiarutvikling og leiaroppfølging
Korleis måle	Medarbeiderundersøkelser	360 graders evaluering
Resultatmål 2016	Gjennomført KS sin 10 – Faktor medarbeiderundersøkelse. Undersøkelsen følgast opp med eigne handlingsplaner på tenesteområda.	Leiarutviklingsprogram gjennomførast hausten 2016 og våren 2017

Resultat frå 10 – Faktor undersøkelsen 2016

Faktor	Navn	Rauma	Snitt kommune
Faktor 1	Oppgåvemotivasjon	4,1	4,3
Faktor 2	Mestringstru	4,2	4,3
Faktor 3	Sjølvtende	4,1	4,2
Faktor 4	Bruk av kompetanse	4,1	4,2
Faktor 5	Mestringsorientert leiing	3,6	3,9
Faktor 6	Klare roller	4,1	4,2
Faktor 7	Relevant kompetanseutvikling	3,3	3,7
Faktor 8	Fleksibilitetsvilje	4,4	4,4
Faktor 9	Mestringsklima	3,7	4,0
Faktor 10	Nytteorientert motivasjon	4,6	4,6
	Totalt	4.0	4.2

(Undersøkelsen går på ein skala frå 1 – 5 der 5 er høgaste score)

10-faktor medarbeiderundersøkelsen viser i sum litt svakare resultat for Rauma kommune enn gjennomsnittet for norske kommunar. Skilnadene er størst innafor faktorane relevant kompetanseutvikling, mestringsorientert leiing og mestringsklima.

Rekruttering:

Vi har kompetente søkarar til dei fleste stillingar, men noko variasjon i forhold til dei ulike tenesteområda. Rekruttering av mellom anna barnehagelærarar og sjukepleiarar kan være krevjande. Leiarstillingar er det generelt få søkarar til. Reduksjon i talet på deltidstillingar gjerast der det er mogleg og ønskeleg. Tilsette i midlertidige stillingar med rettar etter Arbeidsmiljølova får faste arbeidsavtaler når det er grunnlag for det. I delar av 2016 har det vore praktisert tilsetningsstopp av omsyn til budsjettsituasjonen.

Rauma kommune har gjennom mange år satsa på lærlingordninga som ein aktiv del av vårt rekrutteringsarbeid. Ved årskiftet var 10 lærlingar under aktiv opplæringskontrakt. Lærlingane blir følgt opp av Rauma og Vestnes opplæringskontor.

Likestilling

	2012	2013	2014	2015	2016
Årsverk totalt	549	533	537	569	544
Tilsette totalt	667	706	696	680	694
Tilsette, menn	117	159	158	153	151
Tilsette, kvinner	550	547	538	527	543
Tilsette, heiltid totalt	298	315	291	295	280
Tilsette, heiltid menn	98	99	86	87	82
Tilsette, heiltid kvinner	200	216	205	208	198
Tilsette, deltid totalt	369	391	405	351	414

Tilsette, deltid menn	19	60	72	66	74
Tilsette, deltid kvinner	350	331	333	319	340
Brann deltid m.m.	39	38	42	42	42
Brannbefal (deltid)		4	4	4	4
Leiarar	29	34	35	34	46
Leiarar, menn:	11	12	14	12	17
Leiarar, kvinner:	18	22	21	22	29

Talet på årsverk har ved årsslutt ein nedgang på 25 tilsvarande 4,6 % i forhold til 2015. 78 % av kommunens tilsette er kvinner. Kvinneandelen leiarar i kommuneorganisasjonen er 63 %.

Andelen kvinner tilsette på heiltid har ein liten nedgang i forhold til 2015 medan tala for kvinner som arbeider deltid går opp. Det er ei målsetting å få fleire kvinner over i heiltid gjennom ein fleksibel personalpolitikk og med utviding av stillingar. Erfaringsbasert viser dette seg vanskeleg utan at ein samtidig setter fokus på arbeidstidsordningane innan turnusyrka.

I 2016 blei det gjennomført ein nedbemanningsprosess som omfatta 15 overtallige medarbeidarar i kommuneorganisasjonen. I forkant av nedbemanninga var det inngått ein eigen omstillingsavtale med dei hovudtillitsvalgte for å ivareta prosesskrav og rettar etter avtaleverk og Arbeidsmiljølov.

Dei overtallige fekk tilbod om anna relevant stilling i kommunen. Ingen blei oppsagt som følge av prosessen.

Som ein del av kommunens bedriftsinterne attføringsarbeid er fleire personer omplassert i stillingar i 2016. Vår satsing med å tilby og legge til rette for at tilsette med redusert arbeids- og funksjonsevne kan fortsette i arbeidslivet er ein sentral del av vårt arbeid for å fremme likestilling og integrering, og å motverke diskriminering.

Bedriftshelseteneste

Rauma kommune har avtale med Stamina Helse om levering av ein fast pris pakke HMS og ein pakke med tilleggsstenester som bestillast spesifikt. Bedriftshelsetjenesten møter fast i Arbeidsmiljøutvalget.

Helse- miljø og sikkerheit (HMS)

Rauma kommune har eit web-basert system for handtering av helse- miljø og sikkerheitsarbeid (HMS). I HMS-systemets årshjul finn ein det systematiske arbeidet som skal gjennomførast i einingane for å imøtekomme krava i Arbeidsmiljølova. Portalen blei oppgradert i september 2016 med ein ny versjon for innmelding av avvik, dokument-håndtering og rapportering.

HMS-krav	Gjennomført		Delvis gjennomført		Ikkje gjennomført	
	2015	2016	2015	2016	2015	2016
Verksemder med utarbeida tiltaksplan	16	16	0	0	0	0
Meldte avvik og status	245	109	10	14	5	27
Verksemder med gjennomført vernerunde	13	13	0	0	3	3
Verksemder med gjennomført eller tilbod om opplæring HMS	9	16	5	0	1	0
Verksemder med revidert risikovurdering	13	10	0	0	3	6

Internkontroll (IK)

Internkontroll er kommunen sitt verktøy etter kommunelova for å identifisere svakheiter og brot på lovkrav i tenestene. Det web-baserte IK systemet har same portalløysing som HMS systemet. Internkontrollen er under kontinuerlig utvikling og i 2016 har ein særleg lagt vekt på innlegging av prosedyrar og rutinar knytt til tenesteyting. Meldte avvik handterast og lukkast av verksemdsleiar. Lukking av avvik kan mellom anna skje gjennom endring av prosedyrer, opplæring, informasjon eller andre kvalitetsforbetrande tiltak.

	Meldte avvik	Avvist	Ikkje starta	Starta	Fullført
2015	43	2	13	1	27
2016	177	3	63	47	64

Det høge talet med ikkje starta avviksbehandling i 2016 er innan enkelte tenesteområder, og har sin bakgrunn i overgang til ny organisering.

Etiske retningslinjer

Etikk er å halde seg redelig til eit verdigrunnlag, både sitt eige og det verdigrunnlaget som gjelder i organisasjonen. Som ein open organisasjon er kommunens omdømme avhengig av innbyggjarane sin tillit. Tilliten svekkast ved mistanke om til dømes korrupsjon, lovbrøt, maktmisbruk eller liknande handlingar. For kommunen som verksemd er det derfor i tillegg til det som følgjer direkte av lover og regler, vedtatt eigne etiske retningslinjer for folkevalde og tilsette. I tillegg er det eigne retningslinjer for varsling. Det er ikkje avdekkta alvorlege brot på retningslinjene eller behandla varslingssaker i 2016.

Kompetanseutvikling

Rauma kommune ønskjer å jobbe systematisk og strategisk med kompetanse for lettare å behalde, utvikle, rekruttere og anvende rett kompetanse. Tilsette med rett kompetanse er med på å sikre at kommunen leverer gode tenester. Med dette som bakteppe har verksemdene utarbeida og vedtatt strategisk kompetanseplanar. Strategisk kompetansestyring inneberer planlegging, gjennomføring og evaluering av tiltak for å sikre organisasjonen og den enkelte medarbeidar nødvendig kompetanse

for å nå definerte mål.

Til opplæringstiltak blei det i 2016 brukt ca. 1,7 millionar kroner. Midlane kjem frå kommunale løyvingar og frå øyremerka midlar innan helse og omsorg og oppvekst, samt midlar som vi har fått gjennom spesifisert søknad.

Fråver

Under framgår den siste sentrale og bearbeida statistikken frå KS for perioden 4. kvartal 2015 til og med 3.kvartal 2016. Statistikken omfattar ein periode på 4 kvartal i gongen.

	Samla sjukefråver			Undervisningspersonell			Turnuspersonell		
	2014- 2015	2015- 2016	2015- 2016	2014- 2015	2015- 2016	2015- 2016	2014- 2015	2015- 2016	2015- 2016
Kommunar	9,84	9,96	9,84	8,43	8,53	8,14	11,95	12,10	11,99
Rauma	10,44	10,68	11,02	12,84	9,66	7,30	12,15	13,54	13,91

Etter fleire år med stabilt samla sjukefråver i underkant av landsgjennomsnittet for kommunane, så har sjukefråveret i Rauma auka dei to siste åra. I all hovudsak er det dei langtidssjukemeldte som utgjer fråveret i statistikken. Dette ser vi ut frå at legemeldt sjukefråver er på 10,07 prosentpoeng og eigenmeldt sjukefråver på 0,96 prosentpoeng. Målt i prosentpoeng er sjukefråver utanom arbeidsgivarperioda 7,12 og sjukefråver i arbeidsgiverperioda på 3,90.

Sjukefråværet og oppfølging av dette er tema i kvart møte i det nye Arbeidsmiljøutvalget der politikarar, leieing og tillitsvalde møtes.

7. Økonomi

Rekneskap drift 2016

Rauma meir enn nådde målsettinga om eit overskot i 2016, og dei fleste einingane nådde målet om å tilpasse drifta til den budsjetttramma kommunestyret har satt.

<i>Overordna mål</i>	<i>Rauma skal ha en bærekraftig kommunal økonomi</i>		
<i>Mål</i>	Rauma kommune skal gå med overskudd hvert år	Netto finansutgifter skal være rimelige og forsvarlige	Driften skal være kostnads-effektiv
<i>Hvordan lykkes</i>	Alle enheter må tilpasse driften til tildelt budsjett-ramme	God avkastning fra Rauma Energi Økte låneopptak må i størst mulig grad finansieres med innsparinger i driften	Kostnader må synliggjøres og sammenlignes i alle tjenester
<i>Hvordan måle</i>	Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	Netto finanskostnader i prosent av brutto driftsinntekter	Produksjons-indeksler fra TBU
<i>Status 2015</i>	-1,3 %	3,6 %	112
Ambisjon 2020	Minimum 1,75 %	Maksimum 5 %	Over 110
<i>Resultatmål 2016</i>	0,75 %	4 %	111
<i>Resultat 2016</i>	3,3 %	2,4 %	105

Netto driftsresultat vart 3,3% av driftsinntektene, der målet for 2016 var 0,75%, og for økonomiplanperioda 1,75%. For landet utanom Oslo, ligg netto driftsresultat an til å bli rundt 4 prosent, medan det for kommunane i Møre og Romdal ser ut til å bli omtrent 3,4 prosent.

Etter avsetning står 3 millionar kroner på disposisjonsfondet ved inngangen til 2017 noko som tilsvarer 0,5% av sum driftsinntekter. Rekneskapet for 2016 viser et overskot på 11,7 millionar kroner etter avsetningar. Dette er meir enn resterande akkumulert underskot, og med ei nedbetaling av dette vil kommunen bli meldt ut av ROBEK. Også målet om maksimum 4 % netto finansutgifter i 2016 vart nådd, med 2,4% av brutto driftsinntekter.

Eit mindreforbruk på einingane på 2,5 millioner kroner har bidratt til det gode resultatet. Netto utgift fordelt på einingane vart redusert med 0,3 % samanlikna med fjoråret. Lønnskostnader utgjør om lag 71 % av kostnadene, og når gjennomsnittlig årslønnsvekst frå 2015 til 2016 for tilsette i KS-tariffområde er berekna til 2,5%, gir det eit klart bilde av at nedbemannings- og omstillingsprosessen i 2016 har redusert kostnadene.

Mange kommunar fekk høg skatteinngang på slutten av året noko som også førte til økt utjamning av skatt mellom kommunar. Utjamninga skjer i etterkant og endelig utjamning vart først kjent i februar 2017. Ein del av denne auka skuldast tilpassingar i forkant av skattereforma i 2016 kor skattesatsen på utbytte vart økt frå 27 til 28,75 prosent, slik at ekstraordinært store utbytter kom til skattelegging i inntektsåret 2015. Denne positive effekten vil ikkje gjere seg gjeldande utover 2016. I tillegg til høgare inntekter frå skatt har også noko lågare pensjonskostnader bidratt til betre resultat.

Gjelda har hatt ein kraftig vekst dei seinare åra, men ved å avgrense avdraga til minimumsavdrag har vi så langt dempa effekten på driftskostnadene. Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter er no 86,4 %. Med 2/3 av låna i flytande rente, så er vi eksponert for ein større risiko knytt til utviklinga i rentemarknaden enn før. Det historisk låge rentenivået, og auka bruk av sertifikatlån har også bidratt positivt til den økonomiske balansen i 2016. I Kommunal rapport sitt kommunebarometer er vi no på plass nr 365 innan økonomi, opp 39 plasser frå i fjor.

Skattar og rammeinntekter

Rammetilskotet vart 12,5 millioner høgare enn justert budsjett, som følgje av den ekstraordinære høge skatteinngang i andre kommunar. Veksten frå 2015 vart dermed relativt høg (5,5%).

Veksten i skatteinngang inkl. naturressursskatt var på 3,1% som var 7 millionar kroner under budsjett, og vesentleg lågare enn landsgjennomsnittet på 9,7%. Revidert nasjonalbudsjett hadde eit anslag på 8,7 %. Skatteoppkreveren i Rauma kommune har særskilde gode innkrevingsresultat. Dei har klart alle skatteetatens resultatkrav og ligger over lands- og regionsresultat på alle krav.

Eigedomsskatten økte med 16,8 %, etter ein auke i skatten på boligar frå 2015 til 2016 på 1,9 promille (til 5,5 promille). Dei siste fire åra har eigedomsskatteinntekten frå kraftverk falt med 52% (5 millionar kroner) som følge av lågare verdi på kraftverka enn før. Auka i promillen for boligar og næring var dermed viktig for å kompensere for redusert eigedomsskatt frå kraftverka, men også for å auke kommunens inntektsgrunnlag i høve til utgiftsnivået.

Avkastinga på sal av konsesjonskraft vart 0,7 millionar kroner høgare enn venta i budsjett. NVE sitt vedtak av 5.11.2014 om grunnlag for utrekning av konsesjonskraft og konsesjonsavgift knytt til Verma konsesjonen vart av OED kjent ugyldig. Opprinnelig varsla volum frå NVE i 2012 var 9,74 Gwh, deretter vart det i 2014 gjort eit vedtak om 3,9 Gwh, grunna fritak i gammel konsesjon. Dette vedtaket klaga kommunen inn til OED i 2015, og fikk medhald. I 2016 var det ein ny runde med forhandsvarsel og nytt vedtak får NVE 25.11.2016 som i sum vedtok 8,9 Gwh for Verma konsesjonane. Dette er påklaga av Rauma Energi. Endeleg volum er dermed heller ikkje satt i 2016. Salet skriv seg derfor frå det volum som ikkje er omstridt: 32,6 Gwh frå statkraft, 0,23 Gwh frå Berild, og 3,9 Gwh av Verma konsesjonen.

RAUMA			
1000 kr	2015	2016	Endring i %
Innbyggertilskudd (likt beløp pr innb)	167 603	169 310	1 %
Utgiftsutjevningen	36 677	33 903	-8 %
Overgangsordning - INGAR	-474	3 155	766 %
Saker særskilt ford (inkl. helsestasjon skolehe	735	1 132	54 %
Distriktstilskudd Sør-Norge	3 181	1 635	-49 %
Ordinært skjønn inkl bortfall av dif. arb. avg.	255	30	-88 %
Skjønn - tap endringer av inntektssystemet 201	1 400	1 400	0 %
Endringer saldert budsjett 2014/2015/2016	-345	1 002	391 %
RNB 2012-2015, samt Dok8:135 S (2014-14	1 425		-100 %
Sum rammetilskud uten inntektsutj	210 457	211 567	0,5 %
Netto inntektsutjevning	8 995	19 968	122 %
Sum rammetilskudd	219 452	231 536	5,5 %
Rammetilskudd - endring i %	1,9	5,5	189 %
Skatt på formue og inntekt	177 886	183 416	3,1 %
Skatteinntekter - endring i %	2,8	3,1	10 %
Andre skatteinntekter (eiendomsskatt)	21 489	25 094	16,8 %
Sum skatt og rammetilskudd (avrundet)	418 827	440 046	5,1 %
Sum - endring i %	7,8	5,1	-35 %
Ekstra skjønn tildelt av fylkesmannen	5120	760	-85 %

Driftseiningane-tenesteområda

	Rekneskap	Budsjett (end)	Avvik	Avvik i %
	2 016	2 016	-	
POLITISK STYRING OG KONTROLLORGANER	4 581 823	4 687 423	-105 600	-2,3 %
SENTRAL ADMINISTRASJON	35 047 343	33 953 277	366 922	1,1 %
KULTUR	11 046 797	11 162 954	-116 157	-1,0 %
KIRKEN OG RELIGIØSE SAMFUNN	5 307 438	5 416 000	-108 562	-2,0 %
BARNEHAGE	51 542 926	52 165 962	-623 036	-1,2 %
SKOLE	97 604 059	99 408 129	-1 804 070	-1,8 %
HELSE OG VELFERD	39 839 604	40 645 008	-805 404	-2,0 %
HELSE OG OMSORG	156 672 873	156 305 958	366 915	0,2 %
UTBYGGING	33 677 214	33 341 499	335 715	1,0 %
Sum bruk av midlar	435 320 077	437 086 210	-2 493 277	-0,6 %

Dei økonomiske omstillingstiltaka i driftsbudsjett for 2016 har i stor grad vore gjennomført som planlagt. Driftseiningane hadde eit mindreforbruk på 2,5 millionar kroner, eller 0,6 % mindre enn budsjett. Det vart utbetalt 259 millionar kroner i fastløn, ei auke på 0,6% frå 2015, og 0,9% (2,5 millionar kroner) under budsjett, medan TBSK har rekna nivålønnsveksten i perioden 01.01.- 31.12.2016 til å være 2,8% i tariffområdet. Sosiale kostnader vart 79 millionar, som er 4,2% under budsjett. Variabel lønn (unntatt sykevikar over 16 dagar og foreldrepermisjonsvikar) hadde fortsatt eit meirforbruk på 7,6 millionar kroner, 18% meir enn budsjett, men med ein nedgang på 3 % frå året før. Meirforbruket mot budsjett innan sentraladministrasjon skuldast ei større avsetning på tap refusjon sjukepengar enn budsjettet, krava gjeld i all hovudsak andre delar av organisasjonen.

Utbygging vart trekt i ramma med 3% gjennom året, men endringer i festekontrakter knytt til Helsehustomta medførte eit merforbruk på 1% til slutt. For Helse- og omsorg vart det eit meirforbruk på 0,2% etter ei auke i rammene frå opprinnelig budsjett på 3%.

Om ein samanliknar med rekneskap i 2015 justert for pris- og lønsvekst på 2,7%, ser ein at driftsnivået er redusert tilsvarande 14 millioner kroner.

	Rekneskap 2016	Prisjustert 2015	Endring
POLITISK STYRING OG KONTROLLORGANER	4 582	5 067	-485
SENTRAL ADMINISTRASJON	29 891	29 964	-73
KULTUR	11 047	11 133	-86
KIRKEN OG RELIGIØSE SAMFUNN	5 307	5 501	-194
BARNEHAGE	51 543	52 006	-463
SKOLE	97 604	102 573	-4 969
HELSE OG VELFERD	39 840	43 963	-4 123
HELSE OG OMSORG	156 673	159 288	-2 615
UTBYGGING	33 677	34 904	-1 227
SUM	430 164	444 397	-14 233

Tjenesteområde	Mer-/mindreutgift 2016 (mill. kr) ift.	
	Landsgjennomsnittet	«Normert og inntektsjustert utgiftsnivå»
Barnehage	-7,6	-4,4
Administrasjon	7,0	3,2
Grunnskole	-2,6	-4,8
Pleie og omsorg	37,3	-3,0
Kommunehelse	0,3	-2,0
Barnevern	-6,5	-4,1
Sosialtjeneste	-7,0	0,7
Sum	21,0	-14,4

Dei førebelse KOSTRA talla syner at Rauma sine basistjenester hadde eit mindreforbruk på 14,4 millionar kroner sammenlikna med det berekna behovet etter Telemarkforsking sine analysar. I mange år har mindreforbruket vært størst innafor Helse- og omsorg, og det har vært ei av grunnane for omdisponering av budsjetta frå Oppvekst til Helse og omsorg. Dette bilete er utlikna i tala for 2016. Mindreforbruket er meir jamt fordelt mellom tenesteområde. Om lag halve av meirkostnaden på administrasjon skuldes at tapsavsetning på refusjon sjukepengar vart belasta dette området. Dette blir korrigert i den endelege KOSTRA rapporteringa. Kostnaden ved det interkommunale samarbeidet ROR Innkjøp, belastar administrasjon og var dobla i 2016 med den nye avtalen.

Investeringar 2016

I 2016 vart realinvesteringane 228 millionar kroner der 5,5 millionar kroner var innan sjølvkostområda. 66% av investeringane i 2016 vert finansiert ved låneopptak. Totalt var det investert 242,5 millionar kroner fordelt slik på tenesteområda:

	Regnskap	Buds(end)	Avvik(per.)
	2 016	2 016	-
POLITISK STYRING OG KONTROLLORGANER	105 000	105 000	-
SENTRAL ADMINISTRASJON	2 896 969	3 131 000	-234 031
KULTUR	7 511 264	7 410 000	101 264
KIRKEN OG RELIGIØSE SAMFUNN	442 949	450 000	-7 051
UTBYGGING	223 519 709	268 913 186	-45 393 477
FINANSOMRÅDE	8 066 303	6 300 000	1 766 303
TOTALT	242 542 193	286 309 186	-43 766 993

Det største prosjektet er Helsehuset på Stokkekaia. Det er berekna å koste 381 millionar kroner fordelt over perioden 2015-2018. I tillegg kjem opparbeidinga av området og bydelen på nær 90 millionar kroner fordelt over same periode. Ferdigstilling av helsehuset er planlagt til februar 2018. I 2016 mottok Rauma kommune ein gåve på heile 20 millionar kroner til Helsehuset frå Wenaasgruppen AS av totalt 41 millionar kroner jfr avtale pr. sept. 2016. I tillegg ga fylkeskommunen 6,95 millioner kroner til sentrumsutviklingsprosjektet.

For 2016 vart desse prosjekta 20 millionar kroner mindre enn justert budsjett. Likeins vart det 6 millioner kroner mindre kostnader som falt på 2016 enn planen når det gjaldt Åfarnes bustadfelt. Sentrumsplanprosjekta var og om lag 6 millioner kroner mindre enn budsjett i 2016, og sjølvkostområda likeins. Alle desse mindreforbruka vil komme att i 2017 og må vurderast i budsjettjusteringane. Skottemarka og Veøy omsorgsenter vart ikkje solgt i 2016, dermed vart det ikkje avsatt midlar i investeringsrekneskapet som budsjett.

Dei 10 største prosjekta i 2016	Regnskap	Buds(end)	Avvik(per.)
Investeringsformål	2016	2016	
Rauma helsehus	98 970 717	116 600 000	-17 629 283
Opparbeiding Stokkekaia	54 139 727	56 048 000	-1 908 273
Sentrumsplan	29 214 034	35 150 000	-5 935 966
Bydel Stokkekaia	3 396 807	3 397 000	-193
Næringstomt Dokka	4 697 645	6 917 000	-2 219 355
Isfjorden skole nybygg	5 359 724	5 411 887	-52 163
Oppgradering formålsbygg 2016	3 706 398	4 000 000	-293 602
Tilskudd til investering Molde og R. havn	3 920 000	3 920 000	-
Rammebudsjett vann	3 371 596	5 000 000	-1 628 404
Boligområde Åfarnes	2 209 630	8 000 000	-5 790 370

Gjeld og kommentarar til den finansielle situasjonen

	31.12.2016	31.12.2015	Endring
Gjeld			
Samla gjeld*	644	490	154
Netto gjeld*	583	444	139
Netto gjeld pr. innbyggjar (tall i tusen)	78	59	19
Renter			
Andel fast rente**	24,4%	23 %	1,4%
Vekta rentebinding (år)	1,4 år	1,0 år	0,4 år
Gjennomsnittleg rente	1,9%	1,8 %	0,1%
Budsjetterte rentekostnader eksterne lån	11,6	12,6	-1
Anslåtte rentekostnader eksterne lån	11,4	10,8	0,4
Stresstest (1 % endring av renta)	4,87	3,78	1,09
Likviditet			
Vektet løpetid (år)	7,2	14,7	-7,5 år
Refinansiering kommende 12 mnd.	208	92	116 mill.

* Gjeld utan vidareutlån fra Husbanken og ubrukte lånemidler.

** Renter med løpetid over eitt år er definert som fast rente

- Rauma kommune har all ledig likviditet plassert i bank.
- Rauma Kommune har 644 millionar kroner i lån ved utgangen av 2016 mot 490,4 i 2015. Dette er ei auke på 154 millionar kroner, eller 31%.
- Auke i gjeld og i andel kortsiktig gjeld har gitt oss ei høgare risikoeksponering knytt til renteutviklinga. Rentebunnen kan virke å vere nådd, og vi må rekne med ei auke i rentekostnader fremover.
- Netto gjeld, der ein trekkjer i frå vidareutlån og ubrukte lånemidlar, er på 583 mill. kroner. Heile 108 mill.kr. er tatt hand om gjennom lovregulerte gebyr og stønadsordningar. Når ein i tillegg trekker i frå utlånet til Rauma Energi, blir lån som faktisk belastar kommunekassa 415 millionar kroner. I tillegg dekker Rauma kommune renter og avdrag på eit lån knytt til Rauma kulturhus på 15,6 millionar kroner.
- Gjennomsnittleg løpetid på kommunens gjeldsportefølje er 7,2 år, ein nedgang på 14,7 år frå 2015. 32,3% av gjelda kjem til forfall innan eitt år. Dette gjeld to sertifikatlån der eitt er på 100

millionar og eitt på 108 millionar. Resten er ordinære avdragslån med flytande eller faste renter. Vi ventar å motta eit tilskot på kroner 156,9 millionar kroner i 2018 knytt til Helsehuset. Det gjer at vi kan ha stor kortsiktig gjeld.

- Vekta rente falt i juni i samband med refinansiering av lån, men i august satte Kommunalbanken opp marginen sin på NIBOR-tilknyttå lån frå 0,40% til 0,70%, noko som bidro til ei lita auke i gjennomsnittsrenten som endte på 1,9% for 2016.
- Lån med faste renter utgjer 24 % av samla gjeld. Rentekostnader for 2016 vart 10,5 mill.kr. Kommunen sin gjennomsnittsrente var på 1,9 pst. i 2016. Det låge rentenivået holdt rentekostnadene om lag på fjorårsnivå. Ei auke i rentenivået på 1 % vil auke kommunen sine rentekostnader med 46% (4,9 mill.kr).
- Minimumsavdrag er utrekna til 16,3 mill. kr etter den forenkla modellen. Rauma kommune utgiftsførte 17,1 millioner kroner i 2016.
- Rentane i 2016 har vore prega av geopolitiske hendingar. BREXIT og presidentvalet i USA var dei to viktigaste hendingar med direkte verknad på finansmarknaden. Trua på økonomisk vekst og utvikling i Kina og Europa er stadig usikker. Innføringa av enda strengare kapitalkrav for forsikringsselskapar og bankar, ikkje minst for Kommunalbanken, har påverka marknaden og prising av lån.

Økonomisk risiko

- 1 % auke i det generelle rentenivået vil auke dei årlege rentekostnadene med 4,9 millionar kroner.
- Vi ser på refinansieringsrisikoen som lav til tross for at vi har auka delen av sertifikatlån. Denne marknaden fungerer godt.
- Rauma kommune mottok 20. oktober et varsel om søksmål fra Kristiseter AS med et krav på inntil kroner 30 millioner for såkalla positiv kontraktsinteresse som følge av at de ikke vant anbudskonkurransen om bygging av Helsehuset. Rauma kommune har avvist kravet. Det er pr. dato enda ikke avklart om motparten faktisk reiser søksmål eller om saken henlegges med bakgrunn i kommunen sitt tilsvaer.

8. VEDLEGG: ØKONOMISKE OVERSIKTER OG NOTER

Rauma Kommune fører sitt rekneskap i tråd med kommunelovas § 48 og budsjett- og rekneskapsforskriftene.

Eit grunnleggjande rekneskapsprinsipp er at rekneskapet skal førast etter anordningsprinsippet. Dette prinsippet inneberer at alle kjente utgifter / utbetalingar og inntekter / innbetalingar i året skal tas med i bevilgningsrekneskapet for vedkommande år, enten de er betalt eller ikkje når rekneskapa avsluttas. Det er dermed ikkje betalingstidspunktet som er avgjerande for rekneskapsføringa, men som hovudregel skaffings- og brukstidspunktet. I kommunerekneskapet vert varige driftsmidlar utgiftsført i si heilheit i anskaffingsåret. Bruk av lånemidlar inntektsførast i bevilgningsrekneskapet. I tillegg vert varige driftsmidlar aktivert i balanseregnskapet i anskaffingsåret. I følgje budsjett- og rekneskapsforskriftene skal kommunane foreta ordinære avskrivningar av varige driftsmidlar i balanserekneskapet. Hensikta med desse avskrivningane er primært å synleggjere verdiforringelsen av dei varige driftsmidlane. Kommunane er pålagt å føre ordinære avskrivningar i sine driftsrekneskap (tilsvarande resultatrekneskap), men disse gjev ikkje resultat effekt. Dei påverkar brutto driftsresultat men vert utnulla slik at netto driftsresultat er upåverka av denne kostnaden. Netto driftsresultat vert derimot belasta med årets avdrag. Avskrivningane vert presentert slik at beslutningstakarar kan vurdere denne kostnaden opp i mot driftsresultat og avdragsutgifter.

Vidare er rekneskapet ført etter bruttoprinsippet. Det betyr at det ikkje er gjort frådrag i inntekter for tilhøyrande utgifter eller frådrag i utgifter for tilhøyrande inntekter. Dette betyr at aktiviteten i kommunen kjem fram med riktig beløp.

I balanserekneskapet er anleggsmidlar definert som eigedelar bestemt til varig eie eller bruk for kommunen. Andre eigedelar er omløpsmidlar. Anleggsmidlar som har ei begrensa levetid vert avskrive kvart år.

I kommunal sektor blir lineære avskrivningar brukt. Denne metoden inneberer at avskrivingsgrunnlaget vert fordelt likt over avskrivningstida. Dei årlige avskrivningene vert dermed like store for det enkelte driftsmiddel.

Avskrivningane starter året etter at anleggsmidlet er teke i bruk.

Økonomisk oversikt - drift				
	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap i fjor
Driftsinntekter				
Brukarbetalingar	27 450 022	25 778 385	25 898 385	27 011 810
Andre sals- og leieinntekter	55 866 251	51 547 081	46 564 081	47 313 623
Overføringar med krav til motyting	66 361 378	43 516 938	27 946 210	45 844 842
Rammetilskot	231 535 481	219 000 000	219 000 000	219 451 841
Andre statlige overføringar	13 361 414	11 056 400	26 938 400	26 148 356
Andre overføringar	4 470 317	3 543 000	3 543 000	4 680 324
Skatt på inntekt og formue	180 656 216	186 800 000	187 800 000	174 076 039
Eigedomsskatt	25 093 769	25 414 000	25 414 000	21 488 613
Andre direkte og indirekte skatter	4 921 047	5 885 000	5 885 000	5 903 208
Sum driftsinntekter	609 715 895	572 540 804	568 989 076	571 918 657
Driftsutgifter				
Lønsutgifter	342 411 171	318 663 218	318 563 304	326 282 239
Sosiale utgifter	78 889 854	82 377 536	82 299 196	78 102 807
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	99 176 893	98 162 599	77 386 152	79 839 401
Kjøp av tenester som erstattar tj.produksjon	56 905 870	54 674 766	52 019 766	56 730 807
Overføringar	38 474 233	33 269 201	27 730 227	31 542 688
Avskrivningar	18 159 489	19 229 718	19 229 718	18 156 122
Fordelte utgifter	-40 639 756	-35 911 383	-14 518 436	-12 461 229
Sum driftsutgifter	593 377 753	570 465 655	562 709 927	578 192 835
Brutto driftsresultat	16 338 141	2 075 149	6 279 149	-6 274 178
Finansinntekter				
Renteinntekter og utbytte	14 664 967	13 312 285	13 312 285	13 924 625
Gevinst på finansielle instrumenter (omløpsmidler)	3 000	-	-	-
Mottatte avdrag på utlån	234 333	100 000	100 000	223 862
Sum eksterne finansinntekter	14 902 300	13 412 285	13 412 285	14 148 487
Finansutgifter				
Renteutgifter og låneomkostningar	12 172 848	12 942 901	12 942 901	11 947 466
Tap på finansielle instrument (omløpsmidler)	-	-	-	-
Avdrag på lån	17 130 370	17 670 000	20 470 000	22 339 860
Utlån	73 000	144 000	144 000	155 192
Sum eksterne finansutgifter	29 376 218	30 756 901	33 556 901	34 442 518
Resultat eksterne finanstransaksjoner	-14 473 917	-17 344 616	-20 144 616	-20 294 031
Motpost avskrivningar	18 159 489	19 537 210	19 537 210	18 156 122
Netto driftsresultat	20 023 712	4 267 743	5 671 743	-8 412 087
Interne finanstransaksjoner				
Bruk av tidlegare års regnsk.m. mindreforbruk	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	1 700 000	1 700 000	-	-1 090 225
Bruk av bundne fond	1 313 086	362 045	362 045	2 037 105
Sum bruk av avsetningar	3 013 086	2 062 045	362 045	946 879
Overført til investeringsrekneskapet	-	-	-	-
Dekning av tidlegare års regnsk.m. meirforbruk	2 415 000	2 415 000	2 415 000	-1 090 225
Avsett til disposisjonsfond	3 010 000	3 106 000	2 810 000	-
Avsett til bundne fond	5 933 568	808 788	808 788	4 115 853
Sum avsetningar	11 358 568	6 329 788	6 033 788	3 025 628
Rekneskapsmessig meir/mindreforbruk	11 678 231	-	-	-10 490 835

Økonomisk oversikt - investering				
	Rekneskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjet	Rekneskap i fjor
Inntekter				
Sal av driftsmidler og fast eiendom	491 527	4 500 000	4 500 000	54 075 360
Andre salsinntekter	256 480	-	-	185 070
Overføringer med krav til motyting	11 129 111	20 900 000	-	2 165 932
Kompensasjon for meirverdiavgift	40 888 443	48 313 186	56 155 000	25 070 915
Statlege overføringer	-	1 907 000	-	565 000
Andre overføringer	20 000 000	12 320 000	12 820 000	2 910 000
Renteinntekter og utbytte	-	-	-	-
Sum inntekter	72 765 561	87 940 186	73 475 000	84 972 277
Utgifter				
Lønsutgifter	788 744	1 100 000	-	2 230 706
Sosiale utgifter	-	-	-	-
Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	178 326 100	213 326 000	237 226 000	113 116 372
Kjøp av tenester som erstattar tj.produksjon	-	-	-	-
Overføringer	48 546 780	55 978 186	63 730 000	28 935 653
Renteutgifter og omkostningar	697 981	-	-	-
Fordelte utgifter	-	-	-	-
Sum utgifter	228 359 605	270 404 186	300 956 000	144 282 731
Finansransaksjoner				
Avdrag på lån	1 954 618	-	-	1 494 010
Utlån	6 694 460	10 000 000	5 000 000	8 721 235
Kjøp av aksjar og andelar	1 774 418	1 405 000	1 300 000	8 595 220
Dekning av tidlegare års udekt	120 611	-	-	2 834 383
Avsett til ubundne investeringsfond	-	-	-	53 030 564
Avsett til bundne investeringsfond	3 638 481	4 500 000	4 500 000	5 645 126
Sum finansieringstransaksjoner	14 182 589	15 905 000	10 800 000	80 320 539
Finansieringsbehov	169 776 632	198 369 000	238 281 000	139 630 993
Dekt slik:				
Bruk av lån	156 689 343,92	173 014 000,00	213 031 000,00	103 218 124,51
Sal av aksjar og andelar	600 863,00	-	-	6 460 500,00
Mottatte avdrag på utlån	2 757 267,44	-	-	2 012 421,62
Overført frå driftsregnskapet	-	-	-	-
Bruk av tidlegare års udisponert	-	-	-	-
Bruk av disposisjonsfond	-	-	-	-
Bruk av bundne driftsfond	-	-	-	-
Bruk av ubundne investeringsfond	7 604 806,00	25 355 000,00	25 250 000,00	26 432 419,47
Bruk av bundne investeringsfond	2 124 351,60	-	-	1 507 527,67
Sum finansiering	169 776 631,96	198 369 000,00	238 281 000,00	139 630 993,27
Udekt/udisponert	-	-	-	-

